



Fylkesmannen i Sør-Trøndelag

Postboks 4710 Sluppen, 7468 Trondheim

Sentralbord: 73 19 90 00, Telefaks 73 19 91 01

Besøksadresse: E. C. Dahls g. 10

Saksbehandler
Erlend K. Hovland
Miljøvern-avdeling

Innvalgstelefon
73 19 91 36

Vår dato
02.05.2014
Deres dato
27.02.2014

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
2014/3125-561
Deres ref.
NVE 200901815-06

Norges vassdrags- og energidirektorat
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Søknad om vassdragskonsesjon - Grovli kraftverk i Åfjord – Trønder Energi AS

Trønderenergi søker om konsesjon til å bygge Grovli kraftverk og regulere Grovliatnet i Åfjord kommune. Hovedankepunktene mot konsesjonen er omsyn til naturtypen bekkekløft og forekomst av ål, og Fylkesmannen meiner kunnskapsgrunnlaget må betrast på desse punkta før ein eventuelt kan tilrå søknaden. I tillegg må det avklarast om det kan finst elvemusling i dei røyrd vassdraga.

Fylkesmannen viser til konsesjonssøknad frå Trønderenergi AS vedlagd brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat av 27. februar 2014. Trønderenergi vil bygge dam nedstraums Grovliatnet og bygge kraftstasjon ved Krokavatnet. Planlagd utbygging omfattar inntak av Grovlielva.

Skildring av tiltaket

Prosjektet omfattar innverknad på Grovliatnet gjennom regulering på 0,8 meter, Grovlielva gjennom dambygging og endra vassføring, lia mellom Grovliatnet og Krokavatnet gjennom vegbygging, røyrgate og kraftstasjonbygging samd jordkabel aust frå kraftstasjonen til eksisterande nett.

Middelvassføringa i Grovlielva er 690 l/s og det er søkt om ei maksimal slukeevne på 1600 l/s. Søkar har planar om å sleppe ei minstevassføring på 38 l/s om sumaren og 27 l/s om vinteren (følgjer Q95).

Det skal sprengast ut eit magasin i forkant av inntaksdammen. Vatnet frå kraftstasjonen vert slept ut i nedre del av elva Løfta. Korleis tiltaket kan påverke miljøet i Løfta er lite dekt i dokumentasjonen frå søkar, og naturverdiane i Løfta er dårleg kartlagd.

Aust for Krokavatnet er det vesentleg flatmark og eit vekslande landskap med skog og myrer som er prega av menneskeleg aktivitet. Både Grovlielva, Løfta og Krokvelva renn i ei nordvestvendt fjellside med moderat til bratt helling. I øvre og nedre del er hellinga slak, og omgjevnadane er opne og moderat kupert. Store delar av Grovlielva går i ei markert bekkekløft med bratte juv og monaleg fall. Heile fjellsida ovanfor Krokavatnet og opp mot Grovliatnet er skogkledd. Grunna den tette skogen er dei elveløpa det vert røyrd ved lite synlege i landskapsbiletet.

Av omsynskrevjande naturverdiar i prosjektområdet er det mellom anna ål i Grovliatnet, ein aurestamme i Krokelta og den verdfulle naturtypen *bekkekløft* langs Grovlielta.

Då Grovliatnet allereie er regulert som reservevasskjelde for Åfjord kommune er det oppdemd 2 meter med platedam og søkar ynskjer å framhalde allereie tillate regulering på 0,8 meter. På grunn av vasskjeldesfunksjonen går det også frå før ei røyrgate frå Grovliatnet til Krokavatnet.

Fylkesmannen sin vurdering

Høvet til andre planar

Vassdraga Grovlielta og Løfta renn ut i høvesvis Krokelta og Krokavatnet. Krokelta er det samla utløpet frå eit større system av samanhengande vatn i vestleg retning, som saman med Krokavatnet frå no av vert kalla Kroken-systemet. Korkje prosjektområdet eller Kroken-systemet er omfatta av verneplan for vassdrag, og er heller ikkje tidlegare vurdert i samla plan for vassdrag. I MIKRAST-prosjektet, Miljøvennlege kraftverk i Sør-Trøndelag (2005-2006), vart Grovliatnet omtalt men ikkje utgreidd.

I kommuneplanens arealdel for 2009-2020 er det aller meste av tiltaks-, og influensområdet avsett som LNF-område med noko spreidd busetnad mellom Krokavatnet og Kroksvågen. Storheia er bandlagd etter anna lovverk til føremålet vindkraft. Eit område kring Grovliatnet har restriksjonar som nedslagsfelt for drikkevatt.

Fylkesmannen kjenner ikkje til andre kraftutbyggjingar eller vassreguleringar i Kroken-systemet.

Inngrepsfrie områder

Miljødirektoratet har registrert at 888 km² med inngrepsfrie naturområder i Noreg (INON-områder) fall bort i siste femårsperiode. Farta på bortfallet aukar, og det har vore størst i Sør-Trøndelag. Dersom prosjektet det er søkt om vert realisert fell 1,8 km² av desse områda bort. Det må merkast at det er gjeve konsesjon til byggjing av vindmøller på Storheia like sør for tiltaksområdet, og at det aktuelle INON-området uansett går tapt dersom vindmølleparken vert bygd.

INON-områda vart etablert som ein indikator på utviklinga i arealbruken og statusen for natur utan tyngre inngrep i Noreg. Det har sidan midten av 1990-talet vore nasjonal politikk at ein i arealplanleggjing tek omsyn til at INON-områda i størst mogleg grad tryggjast for framtida. Målet om å tryggje den inngrepsfrie naturen som står att er uttrykt i ei rekkje stortingsmeldingar. Det er vanskeleg å reversere tyngre tekniske inngrep, og tap av inngrepsfri natur er permanent i dei fleste høve. Tiltak og anlegg som definerast som tyngre tekniske inngrep omfattar mellom anna vegar, kraftliner og reguleringsmagasin med reguleringshøgde på over 1 meter med meir.

Det er søkt om å få regulere Grovliatnet med 0,8 meter og nivået vil då stort sett liggje på LRV, medan det no normalt ligg på HRV. Som drikkevasskjelde er Grovliatnet sjeldan regulert ned, og det vert difor ei synleg reguleringsone i vatnet dersom prosjektet det er søkt om vert realisert. Det er i følgje søknaden lite vegetasjon i vasskanten, og omfanget av denne delen av tiltaket er vurdert

til lite negativt i miljørapporten. Då det allereie er bygd ein dam i enden av Grovliavatnet, vil ikkje dammen i søknaden verte det einaste menneskelege inngrepet her.

Naturverdiar i området

Tiltaksområdet ligg i eit overgangsområde frå lågfjell og fjellskog til fjordlandskap. Det er reinbeite på Storheia. Grovlielva går i store delar gjennom den viktige naturtypen *bekkekløft*. I Grovliavatnet er det rapportert om ål, som er oppført i raudlista som *kritisk truga*. Miljørapporten vurderte nedste del av Grovlielva som eit truleg viktig gyteområde for aure. Like vest for der Grovlielva renn ut i Krokkelva er den raudlista laven gullprikklav (sårbar) registrert i Artskart. Innverknaden på desse verdiane vert vurdert under.

Bekkekløft

Fylkesmannen viser her til miljørapporten som følgde med søknaden. Ein stor del av Grovlielva går i ein markert bekkekløft som svarar til den prioriterte naturtypen *bekkekløft og bergvegg F09*. Bekkekløfter er ein høgt prioritert skogtype som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. Naturtypen er raudlista og vurdert som *nær truga*. Kløfta er tydeleg nedskoren i terrenget og mange stader renn elva gjennom tronge gjel omgjeve av loddrette bergveggjar. Det er òg område med bratte, skogdekte lier. Topografien i kløfta er variert og elveløpet går i trappetrinn nedover slik at det er mange små fossefall spreidd langs heile kløfta.

Det finst nokre gamle furutre og enkelte område med gamle grantre. Elles vert skogen omtala som stort sett middelalders. Det er god tilgong på daud ved, og læger (liggjande, daude stokkar) finst i ulike stadium av nedbryting. Når daud ved får liggje i fred er dette positivt for artsrikdomen av insekt og andre invertebratar. Dette, saman med topografien, dannar eit godt grunnlag for artsrikdom. Topografien i bekkekløfta i Grovli er variert og utilgjengeleg. Dette legg til rette for stor økologisk variasjonsbreidd der naturen vert trygga av at den vanskeleg å kome til for folk. Her får ein inn ei lang rekkje ulike habitat og treslag som gran, or, osp, rogn og furu på eit lite område.

Samla sett er det i følgje miljørapporten ein middels interessant mose-, og lavflora i bekkekløfta, og det vart ikkje funne nokre sjeldne eller raudlista artar, men nokre fuktkrevjande artar. Bekkekløfta er vurdert som lokalt-regionalt viktig.

Det tekniske inngrepet i naturtypen er etter planane å dømme relativt avgrensa til det øvste området av bekkekløfta, men lange periodar med minstevassføring vil føre til at lokalklimaet i bekkekløfta vert tørrare enn i dag. Dette vil føre til at førekomstar av fuktkrevjande artar vert redusert. I tillegg vil sannsynlegvis tilhøva for lav og mose generelt verte forverra. Med byggjing av veg i Grovli slik det er planlagd i søknaden vert skogen meir tilgjengeleg for hogst, og fjerning av tre nær bekkekløfta kan endre vassføringa slik at den vert endå meir tørka ut. Miljørapporten vurderer at minstevassføringa det er søkt om (Q_{95} sumar og Q_{95} vinter) er eit minstekrav for å oppretthalde gunstige tilhøve for fuktkrevjande artar i bekkekløfta. Vidare påpeikast det at denne vurderinga er basert på skjøn, då lite er kjend om mose-, og lavfloraen sine spesifikke krav til luftfuktleik. Fylkesmannen er uroa for at ei minstevassføring på 38 l/s om sumaren ikkje er

nok til å oppretthalde luftfuktleiken som skal til for å halde på dei artane som gjer bekkekløfta særeigen som naturtype.

Ål

Det vart ikkje funne ål under el-fisket i miljørapporten, men det er rapportert at den finst i Grovlivatnet. Ål er ført opp i Norsk Raudliste, kategorisert som *kritisk truga*. I følgje NINA-rapport 661 frå 2011 er bestanden av ål i dramatisk nedgang i heile Europa, og rekrutteringa av glassål er i dag berre 1-9% av nivået på 1970-talet (Dekker 2003, ICES 2006, 2009).

I følgje miljørapporten er ikkje sjølve Grovlielva naudsynt for ålen sine vekstvilkår, men den er likevel den einaste sannsynlege korridoren for vandring opp i Grovlivatnet. Rapporten vurderer verknaden på ål som vandrar opp eller ned elva som *middels til stort negativ*. Ålen vandrar truleg utanom enkelte av falla i elva på vegen opp, men det er eit krav for arten at det er eit fuktig miljø der den vandrar på land. Kan hende er regnfall nok til å tilfredsstille dette kravet slik at ålen kan vandre opp med minstevassføring, men dette er veldig usikkert. Dette leier atter til uro for om minstevassføringa det er søkt om vil vere tilstrekkeleg.

Utbyggjar meiner i søknaden at dammen det er søkt om ikkje vert eit stengsel for oppvandrande glassål då dei allereie tydelegvis er i stand til å forsere den eksisterande dammen. Fylkesmannen meiner at utbyggjar må identifisere og treffe tiltak som sikrar at dammen det er søkt om vert eit mindre hinder enn den som er der frå før.

Ved utvandring skaper så godt som alle inntaksløysingar med varegrind problem og auka naud for ålen. Utvandrande ål krev ein avstand mellom stavane i grinda på maksimum 9 mm (NINA-rapport 529) for at ikkje mindre hannar skal kunne sleppe mellom. Fylkesmannen ser det som eit minstekrav for å tillate kraftutbyggjinga at inntaksdammen vert utstyrt med den beste, kjende løysinga for utvandrande ål. Dette gjeld også potensielle verknadar av endra temperatur i vatnet nedstraums dammen. Ålen sine vandringsmønster vert påverka av temperaturen i vassdraget. Vi merkar oss at søkaren allereie er positiv til å nytte ålevennlege tiltak som t.d. Coanda-inntak i dammen.

Aure

Nedste del av Grovlielva er eit godt gyteområde for aure, sjølv om strekket er kort (140 m). Regulering av vassdraget vil på dette strekket i følgje miljørapporten ha *stort negativ* konsekvens for auren. Elva er ei sideelv til det vi har kalla Kroken-systemet som er sett saman av fleire vassdrag og innsjøar, og kan difor vere viktig for rekrutteringa til stammen av aure her. Fleire sideelver med gyteområde i systemet vil gjere stammen meir robust og overlevingsdyktig. Det er i dag ikkje planlagde eller eksisterande utbygningar i Kroken-systemet, så det samla trykket på vassdraga og vatna her er i den samanheng lågt. Omsynet til auren åleine er det ikkje Fylkesmannen som skal vurdere, men auren inngår i det samla økosystemet og dette skal takast med i vurderinga.

Andre potensielle raudlista artar

Like vest for der Grovlielva renn ut i Krokelta er den raudlista laven gullprikklav (sårbar) registrert i Artskart. Dette tyder på at arten kan finst langs Grovlielva, sjølv om den ikkje vart registrert under synfaringa.

Elvemusling står på IUCNs liste over truga dyreartar (IUCN 2011) og er ein ansvarsart i Noreg. Vi fekk vår eigen handlingsplan for elvemusling i 2006 (DN 2006). Arten er veldig interessant: Den kan leve opptil 280 år, den har eit parasittisk levestadium på fisk, er ein nøkkelart i elva som økosystem og lagrar miljøinformasjon i skallet (NVE-rapport nr 8 – 2012).

Potensialet for at det finst elvemusling i tiltaksområdet er ikkje utgreidd i miljørapporten, grunngjeve med at Grovlielva ikkje er ein anadrom strekning og difor ikkje kan ha slike førekomstar. Dette treng ikkje vere tilfelle, då elvemusling kan etablere seg ovanfor anadrome vasshinder når det går aure der. Nedste del av Grovlielva og Løfta lyt difor greiast ut med mål om å avklare førekomst av elvemusling.

Andre konsekvensar av tekniske inngrep

Utsprenging av fjell for å lage magasin og leggje ned røyrgrater og kablar vil danne fyllmassar. Desse skal i hovudsak gå til byggjing av veg i Grovli, og resten av massane deponerast i massetak 10 km unna. Med unnatak av den delen av inngrepa som går inn i naturtypen bekkeløft vil inngrepa øydeleggje natur som vert omtala i miljørapporten som triviell, eller som allereie er prega av menneskeleg aktivitet der jordkabelen skal gå.

Samla påkjenning

Det er ingen andre vasskraftkonsesjonar i tiltaksområdet, Kroken eller tilhøyrande vassdrag (Kroken-systemet) som fylkesmannen kjenner til. Dei følgjene endringar i vassføringa i Grovlielva og Løfta vil få for dei tilknytte vassdraga er vurdert som små.

Vurdering etter føreskrifter

Naturmangfaldlova (kgl. res. 19.06.2009) set krav til avgjersler som rører ved naturmangfaldet. Sentralt for avgjerslene som skal takast er m.a. at; 1. Einkvan skal vere aktsam og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet (§6). 2. Avgjersler skal, så langt det er rimeleg, byggje på vitskapleg kunne om artar sin situasjon for bestanden (§8). 3. Føre-var-prinsippet (§9). 4. Avgjersla skal vise tilnærming i høve til økosystemet og samla påkjenning (§10). 5. Tiltakshavar bærer kostnadane om miljøet vert skjemd (§11). 6. Det skal nyttast miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§12).

Vassføreskrifta (kgl. res. 15.12.2006) set rårer for fastsetjing av miljømål som skal sikre ein mest mogleg heilskapleg trygging og berekraftig bruk av alle vassførekomstar. Vassføreskrifta §4 seier at *"tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse og forbedres med sikte på at vannforekomsten skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand"*. I vassføreskrifta sin §12 står det mellom anna at *"samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene [skal] være større enn tapet av miljøkvalitet"*. Vassføreskrifta skal sikre at det vert utarbeidd og vedteke regionale forvaltningsplanar med tiltaksprogram som høyrer til. Desse skal sikte på å oppfylle miljømåla, og sørgje for at den naudsynte kunna vert skaffa til vege for dette arbeidet.

I vassressurslova (kgl. res. 24.11.2000) gjevast heimel for at den som påverkar (tiltakshavar) kan påleggjast undersøkingar og tiltak for å oppnå god økologisk tilstand i ei vassførekomst han har verknad på.

Fylkesmannen minner om at eit endeleg vedtak skal vurderast mot desse lovene og føreskriftene, og at vurderinga skal kome fram i vedtaksteksten.

Konklusjon

Med føre-var-prinsippet til grunn ber Fylkesmannen om at konsekvensen av prosjektet sin minstevassføring på oppvandrande ål og på fuktkrevjande artar i bekkekløfta i Grovlielva vert betre utgreidd. I tillegg lyt det gjerast ei undersøking etter elvemusling i nedste del av Grovlielva, Løfta og Krokelta, og arten må takast omsyn til om han skulle finst her.

Flaumvatn vil mykje sjeldnare kome over i Løfta dersom Grovlielvatnet vert utbygd etter søknaden, og dei øvre delane av Løfta er ikkje synfart i følgje miljørapporten. Dette lyt gjerast slik at ein sikrar at ikkje viktige naturverdiar går tapt her.

Dersom desse vilkåra vert fylde meiner Fylkesmannen at kunnskapsgrunnlaget vert godt nok for ei avgjersle i konsesjonssaka. Om utgreiingane finn at naturverdiane som bekkekløfta og åleførekomsten som ligg her i stor grad kan takast vare på, vil ein kunne tilrå utbyggjinga.

Med hilsen

Stein-Arne Andreassen (e.f.)
miljøverndirektør

Erlend K. Hovland
rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

vedlegg

Kopi: